
Saksnr: 2021/15531-4
Saksbehandlar: Arlen Synnøve Bidne,
David Sandved

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		28.04.2021
Fylkesutvalet		11.05.2021

Verdsarvsenter i Vestland fylke

Forslag til vedtak:

1. Fylkesutvalet tek orienteringa om autoriserte verdsarvsenter i Vestland fylke til vitande.
2. Fylkesutvalet er positiv til etablering av autoriserte verdsarvsenter ved dei tre verdsarvstadane, då dette bidreg til å nå måla i *Utviklingsplan for Vestland 2020-2024*, i *Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027* og i *Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025*.
3. Fylkesutvalet ber om å bli halde orientert om den vidare utviklinga av arbeidet med verdsarvsentre ved Urnes stavkyrkje, Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden, og Bryggen i Bergen.

Samandrag

Saka er ei oppfølging av vedtak i sak [PS 6/2021](#) punkt 3 der fylkesutvalet bad fylkesrådmannen om å kome med ei samla oversikt over status for dei planlagde verdsarvsentera for Urnes stavkyrkje, Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden, og Bryggen i Bergen. Saka gjev ei oversikt over status for etablering av autoriserte verdsarvsenter ved dei tre verdsarvstadane, samt verdsarvstadane sine forventningar til Vestland fylkeskommune knytt til etablering av verdsarvsentre.

Dei tre verdsarvstadane er komne ulikt langt i prosessen med etablering av verdsarvsenter. Urnes stavkyrkje vart autorisert i 2019, medan dei andre to verdsarvstadane ikkje har ein slik autorisasjon pr. i dag. For både Urnes stavkyrkje og Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden vert det arbeida med planar om å bygge eit nytt bygg for å huse verdsarvsentra.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Status prosjekt UNESCO Verdsarvsenter - Nærøyfjordområdet 190221

- 2 Statusnotat 120221
- 3 Presentasjon_Urnes verdensarvsenter_DEF_0321 (1)
- 4 Orientering om status i arbeidet med Urnes verdensarvsenter_Vestland fylke
- 5 Vedrørende Verdsarvsenter for Bryggen

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I sak [PS 6/2021](#) der fylkesutvalet fekk informasjon om planane for eit autorisert verdsarvsenter for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden, vart det gjort fyljande vedtak vedkomande verdsarvsenter ved verdsarvstadane i Vestland fylke:

3. Fylkesutvalet ber om ei samla sak med oversikt over status for dei tre planlagde verdsarvsentra for Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden, Bryggen i Bergen og Urnes stavkyrkje.

I etterkant av vedtaket har fylkesrådmannen tatt kontakt med dei tre verdsarvstadane og bedt om ei kort tilbakemelding på:

- Status i arbeidet med verdsarvsenter
- Vidare framdrift i arbeidet med verdsarvsenter
- Forventa kostnad for etablering og drift av verdsarvsenter
- Finansiering
- Deira forventing til fylkeskommunen sitt bidrag i arbeidet med etablering av verdsarvsenter.

Dei tre verdsarvstadane er komne ulik langt i prosessen med arbeidet med etablering av autorisert verdsarvsenter og det er ulikt kor detaljert dei kunne svare på våre spørsmål, jf. vedlegg med tilbakemeldingar frå Fortidsminneforeningen, Nærøyfjorden Verdsarvpark og Bergen kommune.

Generelt om autoriserte verdsarvsenter

I *Stortingsmelding 35 (2012-2013) Framtid med fotfeste. Klimapolitikken* har Klima- og miljødepartementet som ambisjon å bidra til å etablere verdsarvsentre ved alle dei norske verdsarvområda. I 2017 utarbeida departementet ein [plan for prioriteringar](#) av dette arbeidet. Planen gjeld for perioden 2017-2026. Føremålet med etableringa av verdsarvsentre er å legge til rette for informasjon om [verdsarvkonvensjonen](#) og aktivitetar knytta til det å oppleve verdsarven gjennom lokale besøkssenter. Samstundes skal sentera gjennom si verksemd bidra til lokal forankring av verdsarven.

Departementet etablerte i 2017 ei felles [autorisasjonsordning for besøkssenter](#) der verdsarvsenter inngår saman med andre besøkssenter knytt til nasjonalpark, våtmark, rovdyr og villrein. For verdsarv er hovudregelen at det skal etablerast eit besøkssenter pr. verdsarvstad, men dei opnar for at for at ein i verdsarvområde med stor geografisk avstand og høgt besøkstal kan ha fleire autoriserte verdsarvsenter. Der forholda ligg til rette for det skal verdsarvsentera som hovudregel samlokaliseras med relevante, etablerte institusjonar som naturinformasjonssentre, museum eller forvaltningsknutepunkt.

I dag er det autoriserte verdsarvsentre ved fyljande verdsarvstadar: Bergkunsten i Alta, Vegaøyen verdensarv, Vestnorsk fjordlandskap - delområde Geirangerfjorden, Røros bergstad og Circumferensen, Rjukan-Notodden industriarv og Urnes stavkyrkje. Fyljande verdsarvstadar har pr. i dag ikkje autorisert verdsarvsenter: Struves meridianbue, Bryggen i Bergen og Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden.

Verdsarvsenter til Urnes stavkyrkje

Fortidsminneforeningen fekk autorisert Urnes verdensarvsenter av Miljødirektoratet i 2019. Det er behov for eit nybygg på Ornes til å huse verdsarvsenter då eksisterande bygg ved stavkyrkja er for lite. Målet med det nye bygget er å realisere Fortidsminneforeningen sine ambisjonar og mål for formidling og aktivitetar nytta til det å oppleve verdsarven, styrke den lokale forankringa og verdiskapinga, samt å bidra til eit levande lokalsamfunn. Det nye bygget skal vere eit nav i eit heilskapleg publikumstilbod som knyter saman formidlinga av stavkyrkja, kulturmiljøet og landskapet. Fortidsminneforeningen vil at senteret skal bidra til å styrke og vidareutvikle Urnes som eit kulturelt fyrtårn og kraftsenter i fylket med nasjonale og internasjonale ringverknadar.

Det overordna idekonseptet til verdsarvsenteret er «Verden inn i tunet» som gjev retning for arbeidet med utviklinga av senteret og som var eit grunnleggande konsept for autorisasjonssøknaden. Konseptet foreinar historia og samtidsperspektivet ved at det viser til staden sine lange historiske liner, der internasjonale impulsar kom sjøvegen til Ornes og sette tydelege spor i Urnes stavkyrkje, og til Ornes i dag slik det er prega av internasjonal turisme med dei utfordringar og moglegheiter som fyljer med dette.

Fortidsminneforeningen har i fleire år arbeida med å planlegge eit nytt bygg til verdsarvsenter for Urnes stavkyrkje. Dette arbeidet er forankra i Verdsarvrådet for Urnes stavkyrkje og tilhøyrande område. Fylkeskommunen har eit medlem i Verdsarvrådet. Verdsarvrådet har oppnemnd ei lokal forprosjektgruppe som har bidratt i samband med planlegging og lokalisering av senteret. Fylkeskommunen har hatt ein representant frå administrasjonen i denne forprosjektgruppa. Plassering av det nye senteret har vore utfordrande då ein må ta omsyn til både stavkyrkja og kulturlandskapet som omgjev ho. Senteret er planlagt å ligge ved fylkesvegen og arbeidet med reguleringsplan er i gang. I tillegg planlegg Fortidsminneforeningen å lyse ut ein arkitektkonkurranse for utforminga av bygget. Målet er at bygget skal spegle landskapet og omgjevnadane i form og materiale, og peike mot stavkyrkja sine kvalitetar i material og handverk. Vidare skal bygget binde saman formidling av kultur- og naturarv i ein heilskapleg oppleving både utandørs og innandørs, og det skal spegle UNESCO sitt idegrunnlag om eit globalt fellesskap og ansvar for bevaring av verda sin kultur- og naturarv.

Framdriftsplanen for verdsarvsenteret legg opp til byggestart våren 2022 og opning til sesongstart i 2024. Bygget er planlagt med eit areal på 700 m² og er kostnadsberekna til 56,9 mill. kr. Dette inkluderer 6 mill. kr til utstillinga «Tre og tro gjennom tusen år», samt aktivitetsområde. Fortidsminneforeningen har noko eigenkapital til bygget, men vil vere avhengig av ein sterk offentleg medfinansiering. I deira førebelse finansieringsplan for bygget legg dei opp til å søkje Vestland fylkeskommune om 10 mill. kr til sjølve bygget. I tillegg vil det kome søknadar om driftsmidlar til drift av senteret og prosjektmidlar til FOU-prosjektet «Treets mester».

For meir detaljar om innhaldet i senteret og økonomi, sjå vedlegga «Orientering om status i arbeidet med Urnes verdensarvsenter» og «Presentasjon Urnes verdensarvsenter».

Verdsarvsenter til Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden

Fylkesutvalet vart orientert om arbeidet med verdsarvsenter for Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden i sak PS 6/2021. Nærøyfjorden Verdsarvpark har saman med Aurland kjøle- og fruktlager utarbeida eit [forprosjekt for verdsarvsenter](#) plassert ved fjorden på Aurlandsvengen. Planen er å transformere eksisterande bygg til Aurland kjøle- og fruktlager til eit verdsarvsenter. I tillegg til senteret er det tenkt at bygningen skal innehalde verksemda til Aurland kjøle- og fruktlager SA, samt andre lokale verksemdar knytt til verdsarven, kontorlokale, samt sal av lokalproduserte varer og tenester.

Prosjektleiaren arbeidar vidare med å koordinere og halde framdrift mot eit hovudprosjekt. Det vert arbeidd med ein utbyggingsavtale mellom Nærøyfjorden Verdsarvpark og Aurland kjøle- og fruktlager. I tillegg vert det arbeidd med avklaringar i forhold til endeleg konsept sett i forhold til eksisterande reguleringsplan. Det vert også arbeidd med politisk forankring av prosjektet i kommunane Aurland, Vik, Lærdal og Voss. Nærøyfjorden Verdsarvpark arbeider med formidlingsinnhaldet til senteret.

Prosjektet slik det ligg føre i dag har ein byggekostnad på ca. 50 mill. kr eks. mva. Det vert arbeidd med eit meir detaljert budsjett og utarbeiding av driftskostnadar og inntektene til senteret. For det vidare arbeidet med verdsarvsenteret er det forventa at administrasjon av hovudprosjektet vil koste ca. 2 mill. kr over to år. Ut i frå finansieringsplanen vil dei søkje fylkeskommunen om støtte på 600 000 kr til administrasjon (fordelt på 300 000 kr i to år), samt 5 mill. kr til bygging av senteret. For meir informasjon om kostandane ved prosjektet, sjå vedlegg «Statusnotat - UNESCO Verdsarvsenter Nærøyfjorden».

Nærøyfjorden Verdsarvpark har forventningar om at fylkeskommunen bidreg økonomisk inn i etableringa av verdsarvsenteret for Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden. Så snart finansieringa av hovudprosjektet er på plass ynskjer dei eit oppstartmøte med fylkeskommunen. Dei ser at etableringa av eit UNESCO verdsarvsenter treff mange av dei prioriterte punkta som Vestland fylkeskommune har forankra i sine planar og meiner prosjektet vil vere eit føregangsprosjekt for fylket sitt arbeid med verdsarven. Prosjektet har også fokus på korleis ein skal ta vare på og renovere bygningsmassen framover og legge føringar for formidling av unike og sårbare verdiar i regionen. Senteret skal vere ein ny type signalbygg som er bygd opp kring den lokale historia og noverande aktivitet, samstundes som det har fokus på framtidig utvikling. Dei har forventningar om at fylket medverkar til å styrke senteret som eit aktivt formidlingspunkt gjennom kompetanseutbygging innan miljø, forskning, universiteta HVL osv. Vidare ser dei at verdsarvsenteret kan bli Vestland fylke sin arnested for fjord- og landskapsforvaltning og -formidling.

Verdsarvsenter til Bryggen i Bergen

Bymuseet i Bergen, Museum Vest og Stiftelsen Bryggen har utarbeidd eit forprosjekt for etablering av verdsarvsenter for Bryggen. Forprosjektet vart finansiert med midlar frå Hordaland fylkeskommune tildelt i 2015. Med etableringa av Verdensarvråd og Fagråd i 2018 vart arbeidet med verdsarvsenter vidareført og forankra i verdsarvrådet. Med utgangspunkt i forprosjektet vart dette teke opp som sak i Verdensarvrådet 6. november 2018 der det vart gjorde fylgjande vedtak:

Verdensarvrådet ber Fagrådet forberede saken. Alle representantene i Fagrådet bør komme med innspill til hva en mener at et Verdensarvsenter skal inneholde og være. Med utgangspunkt i innkomne innspill ber Verdensarvrådet Fagrådet å lage et utkast til hva verdensarvsenter skal inneholdet og innspill til hvordan prosessen bør gå videre med etableringen av verdensarvsenteret. Verdensarvrådet kan da behandle saken og be om en god politisk forankring i henholdsvis Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune.

Fagrådet har gjennomført eit arbeidsmøte i 2019 med temaet verdsarvsenter, men etter dette har arbeidet vore sett på vent då ein har prioritert å få ferdigstilt rulleringa av forvaltningsplanen med tilhøyrande handlingsplan. Handlingsplanen skal opp for vedtak i Verdensarvrådet i april 2021.

Det er forventa at når arbeidet med forvaltningsplan og handlingsplan er ferdigstilt, så vert det gjeve auka prioritet for arbeidet med verdsarvsenter. Det står att eit betydeleg arbeid med verdsarvsenter for Bryggen og pr. i dag ligg det ikkje føre noko estimat for kostnad eller finansiering utover det som vart gjort i forprosjektet. Delar av senteret vil bli finansiert med statlege midlar, men det vil vere behov for økonomisk tilskot frå både Vestland fylkeskommune og Bergen kommune.

Det er forventning om at Vestland fylkeskommune er involvert i heile prosessen fram til autorisasjon, ferdigstilling og drift av Verdensarvsenter for Bryggen. Fylkeskommunen er medlem av både Verdensarvråd og Fagråd og vil gjennom dette engasjementet bidra inn i arbeidet med etableringa av Verdensarvsenter for Bryggen.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet si mynde til å gje fråsegn om aktuelle saker og tema på vegne av Vestland fylkeskommune er heimla i Reglement for Folkevalde organ. Reglement for Fylkesutvalet pkt. 6. Fråsegn.

Vurderingar og verknader

Fylkesrådmannen har gått igjennom tilbakemeldingane frå dei tre verdsarvsstadane om status for deira arbeid med etablering av autoriserte verdsarvsenter. Tilbakemeldingane viser eit stort engasjement og behov for etablering av verdsarvsenter knytt til dei tre verdsarvsstadane i Vestland fylke. Vidare viser dei at det vert arbeida godt med å få etablert verdsarvsenter, men at dei er på ulike stadar i prosessen. Frå alle tre verdsarvsstadane er det ei forventning til fylket om å bidra inn i arbeidet med både kompetanse og økonomi.

Økonomi:

I utviklingsfasen løyver Klima- og miljødepartementet tilskot til frå statsbudsjettet kap. 1400 post 79 Tilskot til kulturminneforvaltning, Verdsarvsenter. Desse tilskotsmidlane vert forvalta av Miljødirektoratet og tildelast sentera etter søknad. Miljødirektoratet fordeler tilskotsmidlane til verdsarvsenter i samråd med Riksantikvaren. Sentera skal ikkje opprettast etter ein fast modell og statleg grunntilskot vil differensierast etter det enkelte senteret sin storleik og funksjon. Maksimumsramma for grunntilskot til drift av det enkelte senteret er sett til 1,8 mill. I tillegg kan det enkelte senteret få tildelt prosjektmidlar til utstillings- og formidlingsarbeid. Autorisasjonen av sentera bygger på ein føresetnad om at staten forpliktar seg til å finansiere inntil 60% av funksjoner og oppgåver knytta til drift. Det vert stilt krav til medfinansiering frå lokale og/eller regionale aktørar, og/eller inntening på annan måte. I særskilde tilfelle vil det bli gitt investeringsstøtte til etablering av verdsarvsentre med omsyn til infrastruktur, ombygging av lokale mv.

Alle dei tre verdsarvsstadane har i dag eit godt besøkstal og potensiale for eigeninntening som vil bidra til å dekke den delen som staten ikkje dekker. Likevel må fylkeskommunen forvente at det vil kome søknad om økonomisk bidrag til både etablering/bygging av sentera og til drifta av desse.

Etablering av verdsarvsentre vil kunne bidra til etablering av kompetansearbeidsplassar knytt til kvart av sentra. For Urnes stavkyrkje og Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden vil det kunne bidra til å både styrke eksisterande kompetansearbeidsplassar og å etablere nye i distriktet. Verdsarvsentera her kan såleis sjåast på som eit ledd i distriktsutviklinga.

Klima:

For verdsarvsenter til både Urnes stavkyrkje og Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden er omsynet til klima viktig i samband med å bygge eit nytt bygg til å huse verdsarvsenteret. Dei har ulike tilnærmingar til dette ved at det for Urnes stavkyrkje er snakk om eit nybygg, medan det for Vestnorsk fjordlandskap er fokus på gjenbruk av eksisterande bygning.

Folkehelse:

Fylkesrådmannen ser at etablering av verdsarvsentre ved dei tre verdsarvstadane i Vestland fylke vil vere positivt i eit folkehelseperspektiv. Sentra vil bidra til at fleire kan få oppleve verdsarven og få kunnskap om verdsarvkonvensjonen. Ved verdsarvstadane i fylket kan det vere utfordrande å skape god tilgjenge til verdsarven utan å redusere verdsarven sin OUV (outstanding universal values). Verdsarvsentera skal vere formidlingsknutepunkt og bidra til at flest mogleg kan få oppleve verdsarven på sine premisser. I denne samanhengen ser fylkesrådmannen på formidlingsaspektet ved verdsarvsentera som særskilt viktig.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Etablering av verdsarvsenter vil etter fylkesrådmannen sin vurdering bidra til å støtte opp om FN sine berekraftsmål. I denne samanhengen er det spesielt fylgjande berekraftsmål som sentera vil støtte opp om:

- 9. Industri, innovasjon og infrastruktur
- 11 Bærekraftige byer og lokalsamfunn
- 12. Ansvarlig forbruk og produksjon
- 16. Fred, rettferdighet og velfungerende institusjoner

Verdsarvsentera vil vidare bidra til å støtte opp om Vestland fylkeskommune sin visjon om eit berekraftig og nyskapande Vestland og dei støttar opp om alle hovudmåla i Utviklingsplan for Vestland 2020-2024.

I *Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027* er hovudmåla at kulturfeltet skal bidra til å skape gode lokalsamfunn og at fylket skal ha regionale, nasjonale og internasjonale kraftsenter. Der vert det også presisert at fylket vil utvikle verdsarvområda som kulturelle kraftsenter.

Etablering av verdsarvsenter vil vidare bidra til å nå måla *Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025* der ein har som mål at forvaltninga av verdsarven i Hordaland skal ha lokal, regional og nasjonal forankring, og at kartlegging, sikring og bevaring er grunnlag for berekraftig forvaltning av verdsarven og tilrettelegging for verdiskaping og samfunnsutvikling.

Etablering av verdsarvsenter ved dei tre verdsarvstadane vil etter fylkesrådmannen si vurdering vere eit viktig steg for å nå desse måla.

Konklusjon

Etablering av autoriserte verdsarvsenter ved dei tre verdsarvstadane er i tråd med målsetjingane i dei fylkeskommunale planverktøya og vil bidra til å styrke både verdsarven og lokalsamfunna. Fylkesrådmannen si vurdering er difor at etablering av desse sentera vil vere positivt for Vestland fylke. Vestland fylke er det fylket i landet med flest verdsarvstadar og fylkesrådmannen ser det som viktig at potensialet i dei vert utvikla på ein god og berekraftig måte, noko etablering av autoriserte verdsarvsenter ved alle dei tre verdsarvstadane vil bidra til.